

HAREID ROTARY KLUBB



MÅNADSBREV

JUNI 2007.

ÅRGANG 42

DISTRIKT 2280

Møtedag: Månd. kl 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til
Hareid IL
6060 Hareid
President: Hans Gisle Holstad
Visepres.: Åge Nytnun
Sekretær: Trygve Riise
Kasserar: Johs. J. Hareide
Past pres.: Arve R. Røyset
Styremedlem: Johan Ole Brandal
Styremedlem: Oddvar Haugen
Ansv. red.: Sverre Bjåstad
Referent: Ingar Bigset

Fødselsdagar i juni:

Sverre Bjåstad 17.06
Terje Dalsøren 11.06

100% frammøte i juni:

Walter Jensen, Egil Utgård, Johan Ole
Brandal, Hallkjell Dahle, Johs. J.
Hareide, Magnar Hatløy, Jan Håvard
Nytnun, Ågot Riise, John Stennes

Frammøte i juni: 67,4%

Ordtak:

Den som eier en hage og en boksamling,
mangler intet

Sommardikt:

En liten knert - med et kjempestort smil –
har veltet en stein i hagen.
Nå er han så glad – at han flyr som en pil –
med sommerfugler i magen.
I lomma si holder knerten – en skatt som
mamma skal få i presang.
Den fineste merken knerten har hatt – den
skal hun få med en gang.
Han løper inn døra – og kjenner seg klar –
med skoene fulle av søle.
Så synest han at verden er skikkelig rar –
når mamma begynner å brøle.
(Stormberg)

Månadsbrev for Hareid Rotaryklubb juni 2007.

Referent: Ingar Bigset

4 juni Besøk på Hadartun

Denne mandagen var Rotarymøtet lagt til Hadartun, i samband med den årlige samlinga Hareid Rotary brukar å ha saman med bebruarane på Hadartun.

President Hans Gisle Holstad ønskte forsamlinga velkomen og uttrykte glede over å få dele måltidet saman med bebruarane på Hadartun.

Deretter song forsamlinga songen "Vi vandrar med freidig mot".

Etter dette introduserte presidenten for oss Olav Egge Brandal frå Hareid musikkskule som spelte "The entertainer", av Scott Joplin.

No kom maten på bordet, og praten gjekk lystig rundt borda medan mat og drikke blei sett til livs.

Etter ei god matykt tok presidenten igjen ordet og gjorde kjent ein del kunngjeringar for Rotary-medlemmane:

Etter dette song forsamlinga songen "Dei gamle fjell i syningom".

Til slutt las presidenten diktet Lykke, av Anna Skeide. Dette var eit vart og fint dikt som passa svært godt til forsamlinga og dagen.

Før vi skiltest takka presidenten Hareid sjukeheim, og kjøkkensjef Magnar Hatløy spesielt for samveret.

(Johan Ole Brandal, ref).

11 juni - Eiksundsambandet

Dette var ein fellestur i lag med Ulstein Rotaryklubb der prosjektleder Svein Skeide frå Ulstein og Rolf Stormo frå Ørsta leda an og informerte.



Etter frammøte og fordeling i bilar, fekk oss ei "prøvereis" gjennom Eiksund-sambandet til Furene der vi under eit stopp fekk høyre om framdrifta. Sjølv om prosjektet er inne i sluttfasen er det mykje arbeid som står att.

På returen hadde vi stopp på eit administrasjonssenter med grundigare innføring. Ved hjelp av eit stort veggkart fekk oss høyra om alt frå dei først prøveboringane - til ferdig arbeid.

Djupaste punkt er på 287 meter. Fem pumpestasjonar vert laga i tillegg til eit stort basseng i botnen som skal greie å samle opp lekkasjevann for to døgn dersom straum og pumper sviktar.

Arbeidet har så langt gått veldig bra med lite uhell og ulykker.

Dette blir eit flott samband og anleggsgjengen steller pent etter seg.



Når dette prosjektet er ferdig er dei klare til å starte på "Kvivsvegprosjektet".

18. juni - Medlemsopptak - Utvekslingstudent

Visepresident Åge Nyttun ønsket velkommen og då spesielt til utvekslingsstudent Ingrid Holstad m/fam, til besøkande Arne Holstad og til tre påtroppande medlemmar. Kveldens song var "Å vestland vestland"

Først ute bak talarstolen var Johs Hareide. Han informerte godt frå rotarystien, både om det som har blitt gjort og om framtidige planer med å føre stien vidare fram langs Kaldholelva. Sidan 2002 då tanken om tursti først vart lufta (då av president Johs) har alle seinare presidentar jobba vidare med prosjektet. Spannande og opplevingsrikt dersom stien kan bli ført vidare fram til Kaldholbrua og kanskje heilt fram til golfbana. (Johs jobbar vidare ..



Seremonimeister Hallkjell Dahle fekk no oppgåva med å innlemme våre nye medlemmar. Desse var Karin Britt Svendsen (fadder Aud), Wencke Holstad Jøssok (fadder Liv Hilde) og Øystein Alme (fadder Jan Håvard). Kjell Roger Nevstad som også skulle vere her denne kvelden, måtte reise ut i Nordsjøen.

Etter enkel og fin informasjon frå seremonimeister fekk dei nye medlemmane påhengt rotarynåla som

bevis på å vere fullverdige medlemmar.

John Stennes introduserte so vår utvekslingsstudent Ingrid Holstad. Ingrid fekk fortelje om korleis ho har forberedt seg til turen – som går til Adlade, hovudstaden i Sør-Australia. Ho fortalde også om noko av det som ventar henne når no kjem ned.



25. juni -- Presidentskifte - Rekefest

Den tillyste rekefesten i Gamleåsen vart grunna veret flytta til klubbhuset.

Etter ei kort orientering og tilbakeblikk frå den avtroppande president Hans Gisle fekk påtroppande president Åge Nytun tildelt presidentkjede av seremonimeister Hallkjell Dahle.

President Åge tok no ordet der han takka Hans Gisle for godt utført arbeid.

Med utgangspunkt i verdspräsidenten sine ord, presenterte han sine mål for komande rotaryåret.

32 personar deltok på sermonien som vart vidareført med rekefest

(Otto Holstad ref.)

Ferie:

Ein gong eg var liten masa eg på far min om me ikkje kunne reise på ferie.

Kvifor det? svara han – Me er då herifrå.....

(Ingar)

STRATEGI OG ÅRSPLANER FRÅ PRESIDENTEN FOR HAREID ROTARY KLUBB

ROTARY-ÅRET 07/08

Strategi og årsplanane vert også grunnlaget for vidare arbeid i komiteane.

Verdenspresidenten for komande rotaryår, Wilfred J. Wilkinsson frå Canada, har som sitt slagord for sitt rotaryår:” Rotary Shares (Rotary deler). Det han bl.a. har i tankane er at vi skal dele av vår tid, våre ressursar og kunnskap, av våre midlar, omtanke for andre og av vår kjærlegheit.

Viktige suksessfaktorar i vår klubb i komande år vil bl.a vere:

1. Ha gode program med godt innhald og interessante og engasjerande tema.
2. Gode sosiale aktivitetar, slik at medlemmane trivest og blir kjende med kvarandre,
3. Å vise fleksibilitet med hensyn til frammøte, og innvilge nødvendige permisjonar når det er behov for det. Men ha som målsetning eit frammøte på over 60%.
4. Å auke kvinneandelen i klubben, og vere bevisst på det når vi skal rekruttere inn nye medlemmer.
5. At medlemmene får arbeide i og med meiningsfylte og nyttige prosjekt , i første rekke i lokalmiljøet, men også internasjonalt der vi kan få det til.
6. Å ta oss av nye medlemmer på ein så god måte at dei trivst og finn seg til rette i klubben, faddarane har her ei spesiell utfordring den første tida, men også dei andre i klubben. Klubbstorleiken bør vere på 50+. Vi vil legge opp til å ta opp 2-3 nye medlemmer dette året.
7. Ved starten av siste rotary-år gjennomførte vi ny organisasjonsstruktur etter den nye organisasjonsmodellen som vart bestemt i Rotary siste året. Denne ligg no fast og vert vidareført med ein ryddig organisasjon som kan samarbeide og gjennomføre oppgåvene sine.

Presidenten har sjølvsagt forventningar til seg sjølv og til styret han skal leie, men også forventningar til komiteane som er ein viktig berebjelke i Rotary.

Når komiteane skal utarbeide sine arbeidsplanar(syftemål) for komande rotary-år, ber eg om at nokre av dei forventningane som her er nemnde, kan takast med, i tillegg til dei tankar og idear som komiteane sjølve har.

Styremedlemmene får koordinerande oppgåver for hovudkomiteane, medan kvart funksjonsområde får sin leiar (den som står øvst på lista. Den som står nest øvst er nestleiar). Kvant funksjonsområde skal som før lage sitt syftemål.

Styret sitt hovudansvar for komande rotaryår .

- Holde seg orientert om og følgje opp arbeidet i den enkelte komite, lagt til styret sine kontaktpersonar.
- Gjennomføre dei måla og forventningane som presidenten og komiteane har sett opp.
- Klubben si daglege drift.
- Klubben sin økonomi, inkludert tilskot og betalingar til overordna Rotaryledd.
- Rapportere og holde klubben oppdatert om aktuelt Rotary-stoff.
- Eitt klubb-møte i løpet av hausten og eitt om våren skal brukast til komiteane/funksjonsområda for rapportering om planar og aktivitetar.
- Møte med distriktsguvernøren.
- Årsmøte.
- Styremøte ein gong i mnd.

Hareid Rotary Klubb gjennomførte ny organisasjonsstruktur for rotaryåret 2006/07 som vi no fører vidare.

For dykk som er nye medlemmar, er det eit viktig element dette med rotasjon i Rotary. Ein skal i utgangspunktet skifte posisjon for kvart år, men med visse unntak, som kasserar og sekretær og nokre andre funksjonar, har vi hatt lenger interval på. No er det også opna for at ein kan sitje lenger i same posisjon (3 år).

Komiteearbeidet er ein viktig berebjelke i Rotary-systemet, og mange vil nok meine at Administrasjonskomiteen med funksjonsområda PROGRAM og FEST/KAMERATSKAP er den viktigaste. Funksjonsområdet for PROGRAM skal på møte sikre:

Tidsaktuelle foredrag med månadlege innslag av enten ego eller yrkesforedrag. Komiteen må samarbeide med yrkestenesta om yrkesfag og funksjonsområdet for medlemskap om egoforedrag.

Lage programoversikt for møta med 3 mnd. tidshorisont. Dette krev god planlegging.

Også sikre bedriftsbesøk (fleire), intercitymøter, sosiale samvær, utflukter etc., i samarbeid med andre aktuelle komitear.

Presidenten ynskjer også at det vert lagt opp til minst eitt 3 min. innlegg kvar andre mnd.

Sjølv om hovudansvaret for programma og 3 min innlegga ligg til komiteen, er det viktig at alle medlemmane kjem med innspel.

Funksjonsområdet for FEST-KAMERATSKAP har tradisjonelt arbeidd godt i vår klubb og har bidratt til eit godt klima og godt sosialt samvær i klubben. I tillegg til dei faste arrangementa som vi har lang og god tradisjon på, rekefesten, juleavslutninga med lutafisk og røyrafesten med guvernørbesøk, hadde det vore kjekt om vi fekk til ein felles tur for alle i løpet av året. Når det gjeld røyrafesten med besøk av den nye guvernøren, Unni Alfel (Nav-sjef i Kristiansund), vert det på same dag som i fjor, den 20.11. (tirsdag). Ho er den første kvinnelege guvernøren i vårt distrikt, så det blir spesielt, og det gler eg meg til.

Internasjonalt engasjement og samarbeid.

Som kjent sender vi i år ut ein utvekslingsstudent frå vår klubb, Ingrid Holstad, som skal vere eit år i Australia. Det blir forhåpentlig kjekt og lærerikt for henne og også spennende for oss. I januar skal vi ta mot ein student frå Australia som skal vere eit år i vår klubb, dette blir også spennende og utfordrande for oss. Sjølv om det er komiteen som vil ha hovudansvaret, er det viktig at vi alle i klubben tek del der vi kan bidra. Det som er viktig no, er å få på plass vertsfamiliar, og eg ber kvar enkelt tenke gjennom det og evt. gi tilbakemelding til komiteen.

Komiteen for KOMMUNIKASJON / PR / INFO.

Her vert det viktig at mnd. brevet kjem ut så snart som råd etter mnd. skifte. PR eksternt er viktig for å markedsføre klubben i vårt nærrområde i første omgang, men også vidare der det er mulig. Bruk av lokalavisa og god oppdatering av internett-sida vår vert viktig.

Info internt er og blir viktig, spesielt god opplæring og informasjon til våre nye medlemmer.

Er alle medlemmene våre godt nok kjende med det vi driv med, som rettar, plikter, historie, formål, virkefelt, aktivitetar m.m.?

Det er presidenten sitt ynskje å nå alle, enten via internett eller mobil.

Komiteen for PROSJEKT OG SERVICE.

Dette er også ein svært viktig del av vårt arbeid, og funksjonsarbeidet, samfunnsutvikling vil også i komande rotary-år ha Rotarystien som sitt hovedområde. Dette prosjektet har no gått over fleire år og vert også i komande rotary-år det viktigaste prosjektet vårt. Eg vil gi ekstra honnør til komiteen og Johs, J. Hareide, som leiar gjennom fleire år, for det som er gjort så langt. Og med dei planer og utsikter han la fram på siste Rotary-møte ser dette utruleg spennande ut. Dette er eit så stort og krevjande prosjekt at mykje utover dette blir det ikkje lagt opp til.

Vi håper også at vi får mulegheit til å fullføre Sri Lanka prosjektet vår i komande rotaryår.

MEDLEMSSKAPSKOMITEEN har også tradisjon for å arbeide godt i vår klubb. Det å ha over 1 medlem pr 100 innbyggjarar i ein kommune er ikkje mange klubbar forunt. Målsettinga for komande år, og som vi har hatt i fleire år, er eit medlemstal på 50+, der vi prøver å auke kvinneandelen. 2-3 nye medlemmer er målsetjinga for rotaryåret.

Funksjonsområdet YRKESTENESTE må bidra til ei yrkessamensetting i klubben. Yrkesteneste treng å samarbeide godt med klassifikasjonskomiteen og med programkomiteen om yrkesforedrag og bedriftsbesøk. Det er viktig at komiteen held seg oppdatert på saker om yrkes/næringsinteresser i kommunen som kan vere interessant for klubben. Presidenten ønskjer at det vert god kontakt med næringslivet.

Alle komitear og funksjonsområde set opp sine syftemål og leverer dei til til presidenten innan måndag den 13. august.

Vil også informere om at det etter initiativ frå viseguvernøren (John Stennes) er bestemt å opprette eit Presidentforum i vår området som omfattar klubbane Volda, Ørsta, Herøy, Ulstein, Hareid, Sula, Sykkylven og Stranda, der det vert lagt opp

til 2 årlege møter, eitt haust og eitt vår, mellom presidentane og evt. sekretærane, der felles oppgåver, utfordringar og mulegheiter vil vere tema.

Same området har også på gang samarbeid om utsending av utvekslingsstudentar. Dette med bakgrunn i at vi ønskjer å auke antall studenter som vert sendt ut frå vårt område. Det er p.t. altfor lavt, kun 2 studenter frå distrikt 2280 i år er lite.

Så vil eg til slutt takke for tillita og ser fram til eit spennande og godt Rotary-år for oss alle.